

|                     |            |
|---------------------|------------|
| JUSTISDEPARTEMENTET |            |
| 22 APR 2009         |            |
| SAKSNR.:            | 200801140  |
| AVD/KONT/REH:       | LOV/EO/TKH |
| DOK.NR.:            | 208        |
| ARKIVKODE:          |            |

Til  
Arbeids- og inkluderingsdepartementet  
Same- og minoritetsavdeling

Oslo 15. april 2009

## Høyringsfråsegn frå Raudt/Ruoksat/Røopses til NOU 2007:13 og NOU 2007:14 Den nye sameretten. Hålogalandseiendommen

### Innleiing:


Det andre samerettsutvalet si innstilling inneber ein milepæl i den samerettslege utviklinga i Norge, og dermed i utviklinga av Noreg som rettsstat, der dei som har rettar som urfolk får desse anerkjente. Det vil også bidra krav i vår tid om nye areal til ulike typar verksemd. Det andre samerettsutvalet har gjort eit solid arbeid med kartlegging av historiske samiske rettar i Troms, Nordland, Nord- og Sør-Trøndelag og Hedmark.

Raudt/Ruoksat er veldig nøgd med at denne innstillinga frå Samerettsutvalet no kan danne grunnlag for ei konstruktiv drøfting om korleis ein gjennom naturgrunnlaget kan sikre samane deira rett til å utvikle språk, kultur og samfunnsliv. Innstillinga ser vidt utover det kulturelle landskapet vi har her nord, og kan også vere grunnlag for eit samarbeid mellom folkegruppene som held til her.

Samane er eitt folk, som bur i fire sjølvstendige statar på Nordkallotten, og har budd i desse områda lenge før statane trekte opp grensene sine. Riks- og fylkesgrenser utgjer forvaltningsmessige ordningar statane har oppretta, og skal ikkje avgrense samiske rettar. Derfor må ein på sikt gjennom samarbeid mellom landa i nord gjere rettane til det samiske folket så like som mogleg, slik at samane kan reise over landegrensene og utøve si næring og utvikle sin kultur ut frå det særlige med desse næringane og denne kulturen. Arbeidet med nordisk samekonvensjon er eit viktig steg i riktig retning og samarbeidet med Russland bør styrkast på dette området.

I dag er samane spreidde over store delar av landet, også sør for Nordland, der dei også er urfolk, og mange driv med tradisjonell reindrift. Forsking har også synt at samane i tidlegare tider busette eit endå større område enn i dag. Dette bør framtidig lovgjeving ta omsyn til når det gjeld urfolksrettar. Dei fleste samane som bur, og i tidlegare tider budde i sørlege delar av landet, har rett nok ikkje drive med reindrift, men Samerettsutvalet 2 har i hovudsak tatt utgangspunkt i reindriften for å kartlegge samiske rettar.

Det var tre ulike framlegg til forvaltning av desse områda (Statsgrunnen) sør for Finnmark. Fleirtalsframlegget vil overføre statsgrunn i Nordland og Troms til regionalt eigarskap ved



Hålogalandsallmenningen. Dei vil at denne skal styrast av eit utval der dei to fylka og Sametinget utpeikar like mange medlemmar i dette overordna organet (2+2+2) . Eit mindretal på tre går inn for fordeling 3+3 og at det som står om forvaltning, også skal gjelde for dei samiske områda sør om Nordland. Eit anna mindretalsframlegg vil at eit revidert Statsskog skal overta forvaltninga av Staten sin "eigedomar" i alle dei 5 fylka.

## **Rettar**

Norge har ratifisert ILO-konvensjonen 169 frå 1990 om urfolk og stammefolk sine rettar, og har på denne måten erkjent særskilte folkerettslege forpliktingar overfor samane som eit. urfolk. Det har resultert i to store utriingsrundar - Samerettsut-valet I om rettar i Finnmark(ferdig med arbeidet ditt i 1997) og SamerettsutvaletII - om rettar sør for Finnmark(ferdig med arbeidet sitt i 2007) Då den første inn-stillinga til Finnmarkslov kom, vart ho møtt med kraftig kritikk både frå sametinget og urfolksekspertar, noko som førte til at Stortinget ved Justiskomiteen overtok styringa med å få til ei lov som Sametinget sånn nokonlunde kunne akseptere..


Opprettinga av Finnmarkseiendommen vart eit kompromiss med delt representasjon (3 pluss 3) i styret mellom Sametinget og Finnmark Fylkeskommune.

Dette betyr i den grad andre grupper innanfor tradisjonelle samiske område blir tilkjende rettar eller blir tilgodesette på grunnlag av gjeldande rett eller politiske omsyn, så kan ikkje dette gå på kostnad av dei rettane samane har krav på i samsvar med folkeretten

Raudt kan ikkje godta ordningar som gjer at samar sør for Finnmark får eit dårlegare rettsvern enn dei som bur i Finnmark. Finnmarkslova inneber eit kompromiss mellom staten og Sametinget, og ei minimumsløysing som er akseptabel i høve til folkeretten fordi Sametinget valde å tilslutte seg til lova, trass i at ILO sitt overvaksingsorgan var skeptisk til innhaldet i lova. At samane som held til utanfor Finnmark bur enno meir spreidde, og er i eit større mindretal enn i Finnmark, kan ein ikkje bruke som eit argument for svakare rettsvern. Tvert om, rettsvernet for desse bør heller vere sterkare. Deira kultur er under eit enno større press.

Utmarksforvaltningen må byggje på at lokalbefolkninga har førsteretten til utnytting av knappe ressursar i virkeområdet sitt, og at bruksrett til desse ressursane og rettar kan reserverast for bygdelag og innbyggjarane av kommune og fylke. Ved avgjerdsle av kven som har rettar kan ein byggje på alders tids bruk, men med unntak av retten til reindrift skal ein til vanleg ikkje skilje på etnisk grunnlag. I spesielle tilfelle kan det gjerast unntak, når det er nødvendig for å rette opp att urett gjort mot spesielle samiske grupper, som til dømes samekulturen i Tysfjord og østsamane eller skoltesamane.

Raudt støttar derfor innstillinga sitt framlegg om regionale/ lokale Utmarksstyre for dei områda som har vore lagt under Statsskog sitt



styre, med fleirtal for reindriften + landbruket i styra. Raudt ønsker Hålogalandsallmenningen som overordna og Klageorgan for Utmarksstyra.

Norge var eitt av dei første landa som skreiv under ILO-konvensjonen 169 om urfolk sine rettar og må vere ein leiande kraft vidare i utviklinga av menneskerettane og det humanitære arbeidet i verda.

Dei folkerettslege sidene er ikkje minst viktige når Regjeringa utviklar sin framtidig politikk for nordområda. Området er eit viktig matfat og fullt av andre ressursar som verda treng og som kapitalkrefter og imperialistmakter kjempar om. Det er også eit sårbart og truga område m.o.t. miljø- og klimaendringar. Derfor må lokalbefolkninga inklusive representantar for urfolket, samane, delta i forvaltninga av ressursane.

Reindriften er ei viktig næring for samekulturen som heilskap, og må sikrast rettar til areal slik at denne næringa kan utvikle seg. Reindriftnæringa må derfor også ha representantar i styringsorgan på alle nivå.


I ordskiftet rundt samar og andre urfolk sine rettar blir det ofte fremja påstandar om at sånne framlegg som Samerettsutvalet kjem med, har fremja såkalla omvendt diskriminering, og at slike rettar er urettferdige overfor den øvrige folkesetnaden. Dette er etter Raudt si meining, ei avsporing. Dei foreslåtte tiltaka med unntak av reindrift, gjeld alle innbyggjarane og får positiv verking for heile lokalsamfunnet. I grunngivinga for tiltaka blir særleg omsynet til samisk kultur, næringar og samfunnsliv nemnt. Og skal dette sikrast i framtida, må ein setje i verk tiltak som sikrar busetjing og samfunnsutvikling i dei områda der samane bur.

Raudt stør fleirtalsinnstillinga i Samerettsutvalet, med eit tilleggssamlegg som gir Sametinget halvparten av styrerepresentantane i forvaltningsorganet Hålogalandsallmenningen, og støtter at reindriften og landbruket får fleirtal i dei lokale utmarksstyra og i sentralt grunneigarstyre. Raudt går derfor inn for at ordninga med tre valde representantar frå dei to fylka Nordland og Troms og tre valde representantar for Sametinget skal leide det sentrale utmarksstyret.)

Også dei svenske samebyane som tradisjonelt driv grenseoverskridande reindrift, må sikrast deltaking i denne forvaltninga av dei områda i Troms og Nordland der dei tradisjonelt har næringa si. Situasjonen er at desse samebyane (siidaene) er støtta verken av Samerådet eller norske reindriftsamar i dag, men dei har hevd gjennom historiske rettar gjennom Lappecodicillen og høgsterettsdom om Altevann-saka.

Samstundes vil Raudt ikkje godta privatisering som ei følgje av nye forvaltningsorgan. Privatisering tener ikkje fleirtalet av samane og andre utmarksbrukarar. Raudt vil at allemannsretten skal gjelde, og at lokale utmarksstyre ikkje skal bli nye "baronar" som driv rovdrift på den sårbare naturen i nord.

Raudt ser det som nødvendig at ein no ikkje splittar opp fleirtalsframlegget, då dette er basert på konsensus hos dei mange ulike interessegruppene som skal samarbeider om å vidareutvikle Hålogalandsallmenningen. Det vil også gjelde endringsframlegg som ikkje er forankra i det grundige arbeidet som utvalet har gjort gjennom seks år.



Ei fragmentering av det samla fleirtalsframlegget vil lett føre til omkampar og stoppe den prosessen vi no er inne i. Raudt/Rukses vil likevel at ein ser nærmare på korleis reindriften sør for Nordland kan få den same handsaminga som næringa lenger nord har når det gjeld arealvern og styringsorgan for utmarka. Arbeidet med å klargjere rettane til utmarka nærmare i dette området må utleidast snarleg. Raudt meiner at mindretalsframlegget som går inn for eit utvida Statsskog ikkje held ansyns det som er intensjonen i ILO-konvensjonen om urfolksrettar. Allereie det første Samerettsutvalet slo samrøystes fast at ein Statsskogmodell ikkje kunne innfri krava i ILO-konvensjon 169. Raudt/Rukses vil også at nytt framlegg til § 25 og i Plan-og bygningslova om Sametinget sin rett til å delta i offentlege oppnemnde råd, utval og nemnder, blir vedtatt, fordi det kan sikre at samane har kontroll over kva utmarka skal brukast til, mellom anna gruvedrift, turisme kontra reindrift og andre tradisjonelle primærnæringar og natur- og arealvern.

Vi meiner også at ny § 17 i Plan-og bygningslova som skal verne om samisk forvaltning også blir vedtatt.

### **Oppsummering.**

Raudt/Rukses ser at mange moment i innstillinga frå Det andre samerettsutvalet enno kan diskuterast, men skal ein komme vidare med alle dei viktige og vanskelege spørsmåla som ligg i tilpassinga som nasjonal lovgiving må gjere i høve til ILO-konvensjonen, er det viktig at det kjem eit vedtak i Stortinget så snart som råd.

På vegne av Raudt/Rukses/Røpses

Ole Gunnar Leirvaag  
samepolitisk talsmann

Torstein Dahle  
partileder